

Helse- og omsorgsdepartementet
Postboks 8011 Dep.
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse) Dykkar ref.:
200810135-1/A. 26.80/IBRU

Bergen, 26. september 2008

Høring - Utredning av dobbeltkompetanse

Vi viser til brev frå kunnskapsdepartementet datert 09.07.2008.

Det er stort behov for tannlegar med dobbeltkompetanse i Noreg og Hordaland fylkeskommune er glad for at Kunnskapsdepartementet satsar på å styrke rekrutteringa på dette området.

Hordaland fylkeskommune er stort sett samde med arbeidsgruppa sine forslag. Sjølv om mandatet for arbeidsgruppa var å foreslå eit opplegg med ei tidsramme på 5/7 årsverk for kombinert forskar- og spesialistutdanning forstår fylkeskommunen kva utfordringar eit slikt løp by på og støttar forslaget om ei utdanningstid på 6/8 år.

Hordaland fylkeskommune har ingen innvendingar mot forslaget til utdanningsløp og er samde i at kandidatane blir tilsett i utdanningsstillingar. Fylkeskommunen er samd i at fagleiar for det aktuelle kliniske fagområdet med ansvar for den kliniske utdanninga skal vere hovudansvarleg for kandidatane.

Hordaland fylkeskommune går inn for at det blir ein etablert ein nasjonal opptakskomiteé med representantar frå tannlegeforeininga, helsedirektoratet, universiteta, kompetansesentra og fylkeskommunane som får til oppgåve å dimensjonere og ha ansvar for opptak til utdanninga. Det er viktig at nasjonale omsyn blir lagt til grunn ved opptak av kvalifiserte kandidater slik at alle deler av landet og alle institusjonar får dekkja sine behov.

Ved opptak av kandidatar bør den som er fagansvarleg, dvs ansvarleg for den kliniske utdanninga, vurdere og rangere søknadane. Det er viktig å få etablert eit opplegg der den kliniske treninga kan foregå utanfor universitetet. I Bergen er t.d. odontologisk klinikk skilt ut frå det medisinsk/odontologiske fakultetet og blitt ei eiga eining. Dersom fylkeskommunane overtar ansvaret for odontologisk klinikk må all klinisk trening skje utanfor universitet i Bergen. Elles bør den kliniske utdanninga kunne gå føre seg på spesialistklinikkar knytt til odontologiske kompetansesentra utanfor dei odontologiske fakulteta i Bergen, Oslo og Tromsø så sant det fins kvalifisert veileder.

Paul M. Nilsen
sign.

Inge M. Bruvik
sign.

